



SIM

Årsmelding 2003


Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Innhaldsoversikt

Kva vil styresmaktene med den kommunale avfallsordninga?	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet	5
Organisering	6
Representantskap	6
Organisasjonskart	6
Styre	6
Organisasjonskart tilsett	7
Eigarinteresser og datterselskap	8
Styret si årsmelding	9
Driftsmessige tilhøve	11
Avfallsmengder	12
Attvinning	13
Avfallsgebyr	15
Sigevatn, grunnvatn og overflatevatin	17
Resultatrekneskap	18
Balanse	19
Kontantstraumoppstilling	21
Konsernresultat	22
Konsernbalanse	23
Konsernstraumoppstilling	25
Notar til rekneskaperen	26
Revisjonsmelding for 2003	31

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Svartasmøget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Foretaknr: NO 958 284 837 MVA
www.sim.as

Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,
Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 55.200

Abonnentar: Vanlege: 22.508 / Hytter: 5.409

Abonnentar som heimekomposterer: 4.713

Kilo avfall per innbyggjar 2003: 344

I redaksjonen: Kari Rydland
Foto fram- og baksida: SIM
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest
Trykk: Sunnhordland
Opplag: 700
Trykt på resirkulert papir:
120 g RC pigmentert, omslaget er RC 200 g.

I året som gjekk har aktiviteten i selskapet vore som planlagt.

Økonomisk resultat av ordinær drift vart litt betre enn budsjettet,

og avkasting av selskapet sine midlar var betre enn venta.



Terje Gilje
DAGLEG LEIAR

Kva vil styresmaktene med den kommunale avfallsordninga?

Avfallsmengda frå dei kommunale ordningane er aukande, men avfall frå næringslivet har gått noko ned. Grunnen til denne nedgangen er at selskapet tek mot mindre avfall frå andre områder. Det er gledeleg å registrera ei lita auke i attvinningsprosenten frå hushaldningane som var 48,3 % i 2003.

Etter det me ser, når kommunane alle målsetjingar styresmaktene set når det gjeld avfallshandsaming og gjenvinning. Desse måla har ein nådd med hjelp av innbyggjarane sin innsats ved avfallssortering, men samstundes er avfallsordningane blitt meir kostesame. Hovudmålsetjinga med endringane var å få redusert mengda med avfall som gjekk til deponi, med særlig fokus på det organiske avfallet som utviklar uønska drivhusgassar. Etter at kundane har teke kostnadane med ei dyrare avfallsordning, innfører styresmaktene ei slutthandsamingsavgift som skal dekka miljøkostnadane med den drivhusgassen ein slepte ut frå deponia, før ein starta sortering av avfallet. Etter nokre år har denne avgifta auka så mykje at den ikkje kan forklarast ut frå miljøbelastning. Den er blitt ei rein fiskalavgift, lagt på alle eigedommar med husvære (eigedomsskatt ?). Resultatet av dette er at kommunepolitikarar må vedta auka renovasjonsgebyr, slik at seks millionar avgiftskroner årleg kjem inn til staten.

Korleis blir så avfallsordninga i framtida? Dette er eit vanskeleg spørsmål å svara på. Konsekvensane av alle tiltak og reguleringar sentrale styresmakter set i verk er uråd å tolka. Eksempel her er krav om at alle deponi utan godkjend botntetting skal stengjast om få år. Det skal innførast forbod mot deponering av organisk materiale, og om dette forbodet inneber krav om brenning av alt restavfall veit ein ikkje. Skal slutthandsamingsavgifta framleis auka og skal ein få tilskot dersom ein brenn avfallet ?

Som ein ser er det vanskeleg å sjå kva som er den beste avfallsordninga i framtida, men selskapet har eit godt utgangspunkt for også frametter å kunne tilby gode renovasjonsordningar til kundane.

Eg vil takka alle kundar, samarbeidspartnarar og tilsette for det gode samarbeidet i året som gjekk.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Terje Gilje".

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd med hovudanlegg i Svartasmøget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Børlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

SIM fram til i dag

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Næring AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurransen.

I 2001 skilde SIM Næring AS ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS, som òg inkluderer det oppkjøpte selskapet Innvær Conteinerservice. Selskapet har ein stor del av transportverksemda si på Haugalandet, særleg Karmøy. Målsetnaden er å bli dyktig på transport av avfall, og reindyrka den aktiviteten.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.200 innbyggjarane og 15.- 20.000 hyttebrukarane i regionen. Det er kjeldesortering i alle medlemskommunane med sorterings i dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushalda kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall med meir. Dette må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmøget, som inneholder administrasjonsbygg, deponi, miljøentral og hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall. Her er også anlegg for mottak og handsaming av avlaupsslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforeining av luft, vatn og nærområde, og vil arbeida for å oppfylla nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.



Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:



- 1 Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
- 2 Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- 3 Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av farleg avfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
- 4 Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga.
Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
- 5 Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.
- 6 Selskapet har ikkje erverv til føremål

Organisering

Representantskapet er det øvste organet i selskapet.

Kommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Næring AS er eit heileigd datterselskap til SIM, **SIM Transport AS** er eit heileigd datterselskap til SIM Næring AS. Båe selskapa har eigne generalforsamlingar, eigne styre og eigne dagleg leiarar.




Representantskap

Folketalet avgjør kor mange medlemer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlø 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt to møte i 2003 (9/5 og 5/9) og handsama 13 saker.

ORGANISASJONSKART:



Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette.

Det er representantskapet som vel styremedlemene.

Styret hadde 6 møte i 2003 og handsama 46 saker.

Denne stillingane hadde SIM fast i 2003:

Dagleg leiar: *Terje Gilje*

Driftsleiar, innsamling og kommunal drift: *Kjell Egil Hollund*

Driftsleiar, slutthandsaming av avfall: *Tore Svane*

Personal og økonomi: *Trude Vedå og Trond Kampen*


Kundehandsamar: *Marianne Andersland, Bjørg Borrevik (til 05.09.03)* og *Trine Tverborgvik (tilbake frå permisjon frå 12.03.03)*.

Informasjons- og planleggingsmedarbeidar: *Hege Myklebust (vikar tom 31.08.03), Kari Rydland (tilbake frå permisjon frå 01.09.03)*

Operator deponi: *Kristoffer Vik*

Operator kompost: *Einar Breivik*

ORGANISASJONSKART TILSETTE:



Styret 2003:

Bak fra venstre: Hans H. Berge, Olav P. Årland,
Asle Bernt Rekve og Magnus Skåden.

Framme fra venstre: Kjell Egil Hollund,
Else Berit Helle, Magne Rolfsnes og Bjørn Haaland.



Operator miljøsentral: *Olaf Skram*

Operator/maskinansvarleg: *Eivind Eidsnes*

Operator miljøsentral Kvinnherad: *Inge Tungesvik (til 01.03.03)*, *Ove Tungesvik (fast tilsett fra 01.09.03)*, *Jostein Skåla*

Operator miljøsentral Austevoll: *Ingjald Birkeland (30% stilling)*

Maskinkøyrlærling: *John Even Alfsvåg (til 31.12.03)*

Denne sat i styret ved utgangen av året.

KOMMUNE	STYREMEDLEM	VARAMEDLEM
Austevoll	Olav P. Årland (nestleiar)	Knut K. Kalvenes
Bømlo	Magne Rolfsnes	Ruth Berny Lønning
Fitjar	Bjørn Haaland	Odd Bondevik
Kvinnherad	Hans H. Berge	Gerd Røstbø
Stord	Else Berit Helle	Jarle Nakken
Sveio	Magnus Skåden (styreleiar)	Henning Vestvik
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Bente Raknes
SIM	Kjell Egil Hollund	

Eigarinteresser og datterselskap



SIM Næring AS er eit heileigd datterselskap av SIM. Selskapet tek hand om produksjonsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet.

Målsetnaden til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfallshandtering.

Per 31.12.03 hadde selskapet 15 tilsette med kontor og sorteringsanlegg lokalisert i Eldøyane Næringspark på Eldøyane i Stord kommune. Omsetninga for 2003 var på om lag 31 millionar kroner.



SIM Transport AS er eit heileigd datterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typar transportoppdrag, flest i Sunnhordland og på Haugalandet, men òg andre stader i landet og i utlandet. SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 40 tilsette per 31.12.03. Omsetninga var på 36,5 millionar i 2003.

SørVest Varme AS Aksjeselskapet SørVest Varme AS vart stifta i desember 2003 og er eigd av Haugaland Kraft AS, Toraneset Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2000 aksjar, ein eigardel på 38,2 %.

Selskapet har som mål å greia ut om det er føremålstenleg å byggja forbrenningsanlegg på Haugalandet.



SIM Næring AS eig 100 aksjar i Retura, ein eigardel på rundt 7 %. Retura er eit selskap stifta av ulike avfallsselskap over heile landet. Forretningsidéen er å samarbeida med næringslivet for å tilpassa og levera heilskaplege, effektive og miljørette avfallsløysningar. Retura har sterk lokal tilknyting og detaljkunnskap, kombinert med sentral styring.

Retura sine tenester skal redusera ressursbruken til kundane og miljøbelastninga på samfunnet elles.



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av meir enn 50 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Desse selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 66 av 3500 aksjar i Rekom, ein eigardel på 1,9 %.

Føremåla til selskapet er å hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for attvinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som råd for omsetning av avfallsfraksjonane.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Omsetninga i 2003 var på om lag 120 millionar. Dei største fraksjonane er papir og papp til materialattvinning og restavfall til energiattvinning.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS utførar størstedelen av eigarkommunane sine oppgåver når det gjeld innsamling og handsaming av avfall, töming av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg til hovudaktiviteten tek ein og mot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi.

Mengdene med hushaldsavfall auka noko i forhold til tidlegare (5,7 %), og dersom ein reknar dette om leverte kvar innbyggjar 344 kilo avfall.

Samla mengd behandla næringsavfall gjekk noko ned og total mengd avfall til deponiet vart redusert med 5,8 %.

Avfallsordningane er om lag som tidlegare år. Selskapet har gått inn på ei ny avtale om töming av slamtankar, og har starta anbodsarbeidet for nye avtalar om innsamling av hushaldsavfall.

Økonomi

Av ei omsetning på rundt 58 millionar syner dette året eit overskot på 6,6 millionar. Overskotet skuldast hovudsakleg inntektene frå finanspostane, men driftsresultatet gjekk også i pluss med 0,48 mill. Drifta av den kommunale avfallsordninga fekk eit underskot på 0,46 millionar, og drifta av slamtømingsordninga fekk eit resultat på 75 tusen kroner. Aktivitetane syner eit resultat noko betre enn budsjettet. På grunn av overskot frå tidlegare år er gebyret sett ytterlegare 3 % ned i 2004.

Selskapet har til handsaming søknad hjå miljøstyresegmentene godkjenning av bottetting under deponiet. Dersom denne søknaden fell positiv ut for selskapet vil ein få attendebetalt 1,3 millionar kroner, og av dette skal om lag 0,6 millionar kroner først som overskot på den kommunale renovasjonen.

Dei økonomiske resultata i årsmeldinga syner at føresetnadene for å halda fram med drifta er til stades.

Disposition av overskot

Overskotet på 6,6 millionar vert lagt til eigenkapitalen.

Slutthandsamingsavgifta

Avgifta til staten for å deponera avfall har gått svært mykje opp dei siste åra. Denne avgifta var tenkt å skulle reflektere miljøkostnadane med å deponere avfall. No er avgifta så høg at den langt overstig kjende miljøkostnader, og resultatet er at ein styrer avfall til forbrenning i inn og utland.

Slutthandsamingsavgifta var 405 kroner per tonn inklusiv meirverdiavgift fram til 1. juli og 529 kroner per tonn etter 1. juli i 2003. Totalt utgjorde dette ein ekstra kostnad på nesten 12 millionar kroner inkl. mva.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Ved utgangen av året hadde SIM 15 tilsette (14,3 årsverk), 11 menn og 4 kvinner. Dette er det same som ved utgangen av 2002.

Sjukefråveret var på 2,8 prosent i 2003. Det har ikkje vore yrkesskadar med fråver.

Ytre miljø

Sigevatn

Sigevatn, overflatevatn og grunnvatn vert overvaka og analysert etter prøvetakingsprogram bestemt av miljøstyresegmentene. Tilstanden til sigevatnet er likt som i 2002, men med noko mindre innhald av enkelte tungmetall. Da den totale nedbørsmengda var noko større i 2003 vart det totale berekna utsleppet større enn året før. Det er ingen av parametrane i sigevatnet som er uventa høge sett i forhold til andre avfallsdeponi på Vestlandet.

Anna miljøovervaking

Gass vert sogen ut av fyllinga og brent i fakk. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen karbondioksid.

Selskapet har og program for å halda skadedyr borte frå fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet. Saman med naboar føl ein opp aktivitetar på deponiet som kan gje lukt i nærområdet.

Framtida

Sentrale styresmakter avgiftsbelegg deponering av avfall i ein så stor grad at brenning i nær framtid truleg vil bli den økonomisk mest fordelaktige behandlingsmåten. Selskapet utgreier, saman med aktørar på Haugalandet, om det er rett å etablera eit forbrenningsanlegg i regionen, eller om ein skal transportera avfallet ut av regionen.

Selskapet ventar og på at miljøstyremaktene skal fastslå om deponiet har botntetting som stettar dei nye krava eller ikkje. Dersom botntettinga ikkje vert godkjend må deponiet avsluttast som ordinert deponi i 2009, og i perioden fram til dette må ein betala høg slutthandsamingsavgift.

Styret er trygg på at ein også i framtida vil kunne gje innbyggjarane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

Fitjar, 11. mars 2003


Olav P. Årland
Austevoll, nestleiar



Magne Rolfsnes
Bømlø


Bjørn Haaland
Fitjar


Hans H. Berge
Kvinnherad


Else Berit Helle
Stord


Asle Bernt Rekve
Tysnes


Terje Gilje
Dagleg leiar SIM


Magnus Skåden
Sveio, leiar



Driftsmessige tilhøve

Avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio, papir) har auka med 3,14 % frå 2002 til 2003, og totalt gjekk hushaldsavfallet opp med 5,7 %. Talet på hushaldsabonnementar auka med 0,82 % og hytteabonnementar med 1,94 %. I alt leverte kvar innbyggjar i kommunane 344 kg avfall (avfall henta frå hytter er då teke med). Attvinningsprosenten har vore den same i fleire år (46,6 %), men i 2003 auka den til 48,3 %.

Næringsavfallet frå SIM-kommunane gjekk ned med 10,7 %, og næringsavfall frå andre kommunar gjekk ned med 16,3 %.

Miljøsentralane

Totalt hadde miljøsentralane 19.612 vitjingar i 2003, noko som er ein auke på 13 % frå året før. Det kom inn til saman 6.580 tonn avfall på miljøsentralane. Av dette var 3640 tonn hushaldsavfall og utgjer om lag 19,2 % av det totale hushaldsavfallet.

Hytterenovasjon

Ordninga for hytterenovasjonen er under kontinuerlig utvikling. I året som gjekk vart det plassert ut fleire nye hyttekonteinrarar for å auka kapasiteten.

Slamtøming

I 2003 vart det utført tøming av slamavskiljarar for hytter og heilårsbustader i Sveio og Bømlo, og for heilårsbustader i Kvinnherad. I november starta Hordaland Miljørens AS med å henta inn slam for SIM, og først ut var Stord kommune.

Kompost

I 2003 har kompostanlegget i Svartasmøget teke imot 3449 tonn våtorganisk avfall frå kommunane Haugesund og Karmøy, NGIR og Toraneset Miljøverk (slutta 1. november), og 3085 tonn frå kommunane i SIM. På grunn av den store aktiviteten er området blitt utvida for andre gong.

Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle miljøstasjonane i området, og har vorte eit populært jordbetringsprodukt. Det kostar 300 kr per tonn, og i 2003 kom det inn 320.400 kroner for salet av kompost.

Informasjon

SIM informerer heile tida abonnementane så godt som råd, og freistar halda oppe medvitet om kjeldesortering og avfallsreduksjon. Dette vert gjort gjennom heimesidene våre (www.sim.as), SIM-nytt og av og til gjennom lysingar i lokalpressa.

I september 2003 var dei nye heimesidene ferdige, og SIM har som mål at desse skal vera oppdaterte til ein kvar tid.

SIM har gjort ein grundig gjennomgang av profilen i 2003 og det har resultert i ei ny profilhandbok, som sjølv sagt skal utviklast vidare.

Alle heilårsabonnementar mottok i 2003 fire utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt. I oktoberutgåva mottok abonnementane ei sørvisfråsegn i lag med bladet. Tømekalenderen vart som vanleg send ut i lag med desemberutgåva. Innbyggjarane i Tysnes kommune mottok i tillegg eit temanummer for å unngå forsøpling og mis bruk av hyttekonteinrarar. Alle hytteabonnementane mottok eit eige SIM-nytt før høgsesongen starta opp.

Det kom ut 23 nummer av det interne informasjonsskrivet Stuttnytt i 2003, som går til alle tilsette og styra i konsernet.

I 2003 blei alle 4. klassingane i medlemskommunane invitert av SIM til å delta i eit skuleprosjekt om avfall som LOOP står bak. I samband med prosjektet har det vore om lag 400 elever på besøk i Svartasmøget hausten 2003, for å læra meir om kjeldesortering og attvinning. Våren 2004 er det venta nye 4. klassingar til hovudanlegget.

SIM har også i 2003 halde fram med avfallsreduserande tiltak som sponsoring av tøybleier, loppemarknad, bytebu og eksport av brukte klede til Aust-Europa.



For SIM-kommunane har mengdene med hushaldsavfall gått opp med 5,7 % sidan 2002, medan mengda næringsavfall gjekk ned med 10,7 %.


Avfallsmengder

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Tala er justerte for meir korrekt deling av avfallet i hushald og næring.


I alt mottok SIM 18.979 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, mot 17.952 tonn i 2002. Attvinningsprosenten har auka frå 46,6 % i 2002 til 48,3 % i 2003.

Når det gjeld hentefraksjonane rest-, bio- og papiravfall, er det ein auke på 3,14 % i høve til 2002. Restavfallet har auka med 3,51 %, papirmengda med 3,02 %, og våtorganisk avfall med 2,19 %.


Avfall henta heime hos folk:




Avfallsmengd per kommune samanlikna med 2002 (prosentvis auke):



Mengder til deponi (i tonn):



Samla avfallsmengder som SIM tek hand om:



Resultat frå avfallskontrollar av restavfallet (i prosent):

Fraksjon	2002	2003
Papp/papir	9,8	7,8
Plast	11,6	16,8
Matrestar	11,4	14,3
Bleier/bind	16,4	11,4
Anna brennbart	33,1	26,1
Glas	4,0	4,7
Metall	3,9	5,2
Anna ikkje brennbart	5,2	10,2
EE-avfall	0,8	0,7
Farleg avfall	0,6	1,0
Finstoff	3,6	1,1

Attvinning

Me har tre typar attvinning:

Ombruk

– dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av m.a. ved enkle reparasjonar. Døme er syklar, møbler, sportsutstyr, kvite- og brunevarer.



I 2003 gjekk 48,3 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane, til attvinning. Unnateke dette talet er avfall samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane der SIM ikkje har tilgjengeleg statistikk for det avfallet som oppstår i regionen. Dette gjeld m.a. panteordningar for boksar og flasker, og EE-avfall som blir levert direkte til selger.


Materialattvinning

– når avfallet vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er når glas vert brukt til isolasjon, til nye flasker eller glas, eller som råstoff i Glava-matter.

Energiattvinning

– når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.


Kvar innbyggjar produserer i snitt 75 kilo våtorganisk avfall i året. Om me legg dette talet til grunn, finn me at 96 prosent av det våtorganiske avfallet gjekk til attvinning i 2003.




Heimekompostering

Om lag 21 prosent av abonnementane komposterer bioavfallet sitt heime, og dette talet har halde seg stabilt dei siste sju åra. Det er likevel skilnader mellom kommunane. Austevoll ligg på botnen med 14,5 %, og Sveio er beste komposteringskommune med 30,1 %. Abonnementar som komposterer heime, slepp m.a. å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel til bruk i hage m.m., og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Heimekomposterer (prosent og antal abonnantar)



Restavfall annakvar veke (prosent og antal abonnantar)



Avfallsgebyr

Gebrysystemet

Måla for gebyrordninga er å få mindre avfall, meir attvinning, at forureinar skal betale, meir effektiv drift, å gjera folk medvitne om avfallet og få ei meir lik ordning.

Abonentane kan m.a. spara gebyr ved:


- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Medlemskommunane betalar SIM for leverte avfallsmengder, i tillegg til ei avgift for kvar abonent. For 2004 gjeld følgjande gebyr (tal eks. mva):


Vektgebyr	1036 kr/tonn
Abonentgebyr	
- hus	645 kr/abonent
- hytter	450 kr/abonent
Fakturering abonentar (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	24 kr/abonent
Sakshandsaming (for kommunar som har overført oppgåva til SIM)	24 kr/abonent

Gjenomsnittsabonnement i 2004 inkl. mva:


(gebyrinntekt til kommunen delt på abonentar)




Gebyr fritidsbustad i 2004 inkl. mva:



Gebyr slamtøming for heilårshus i 2004 inkl. mva:



Gebyr slamtøming for ekstratøming i 2004 inkl. mva:



Kva dekkjer gebyra?


Det er eit krav om avfallsgebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon i kommunen, både avgiftene til SIM og eigen kommunal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune.

Alle abonnentar må betala eit grunngebyr. Dette er den delen av kostnadene knytt til renovasjon som ikkje vert dekt av dunkgebyra. Eksempel på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigen-kostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.

I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. Målsetjinga for selskapet er at satsane skal vera like i kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement (sjå graf side 15) er det same som gebyrinntekt til kommunen delt på antal abonnentar.

Dette går gebyret ditt til:



Fordelinga av kostnadene er rekna ut for 2003. Gjennomsnittgebyret i 2003 var på 1789 kroner.

Sigevatn, grunnvatn og overflatevætn

Sigevatn, grunnvatn og overflatevætn vert overvaka i samsvar med godkjent program.

Sigevatnet ifrå deponiet viser ein tilstand som er ganske lik det som vart påvist i 2002, men med noko lågare nivå av ein skilde tungmetaller. Fordi den totale sigevassmengda ifrå deponiet var litt høgare i 2003 enn i 2002, ble det totale utsleppet ifrå deponiet likevel noko høgare i 2003 enn i 2002.

Grunnvannsbrønn 1 har vist ein tydeleg betring samanlikna med nivået funne i 2002 fordi ein tidlegare overflatelekkasje er blitt tetta. Grunnvannet ifrå brønn 2 viser også ein god kvalitet. Ellevatnet som rennet igjenom deponiet kan ikkje seiast å ha blitt påverka av deponiet i serskild grad.

Sigevatn	Resultat 2003/	Totale utslepp til	Totale utslepp til
Parameter	Årsnitt	Stokksundet 2003	Stokksundet 2002
<u>Kjemiske parameter:</u>			
Aluminium	490 mg/l	113 kg	27,5 kg
Jern	19,8 mg/l	4,6 tonn	4,8 tonn
Klorid	210 mg/l	49 tonn	29 tonn
Sulfat	34,3 mg/l	7,9 tonn	1,44 tonn
Natrium	178 mg/l	41,1 tonn	31,4 tonn
Kalium	75,2 mg/l	17,4 tonn	16,9 tonn
<u>Tungmetall:</u>			
Kvikksølv	< 0,019 _g/l	< 4,4 g	< 5,2 g
Kadmium	< 0,13 _g/l	29 g	< 32 g
Krom	46,1 _g/l	10,6 kg	4,6 kg
Kopar	25,8 _g/l	6,0 kg	4,9 kg
Sink	119 _g/l	27,5 kg	56,1 kg
Bor	1,09 _g/l	251 kg	226 kg
Arsen	11,7 _g/l	2,7 kg	2,6 kg
Nikel	18,9 _g/l	4,4	< 3,7 kg
<u>Organiske miljøgifter:</u>			
AOX	0,203 mg/l	46,7 kg	36,8 kg
Fenol	< 30	< 6,92 kg	111 kg
Aromatar	< 66	< 15,2 kg	19,8 kg
PAH	1,7	0,39 kg	0,73 kg

Samanstilling over siste sju år

Totale utslepp til Stokksundet	2003	2002	2001	2000	1999	1998	1997
PCB – gr	< 35	131	32	4	129	103	700
Bly – kg	1,2	1,2	1,4	0,8	0,35	1,6	1,4
Arsen – kg	2,7	2,6	3,3	4,7	13,0	17,0	7,5
Fosfor – kg	223	190	225	380	915	688	553
<u>Årsjennomsnitt</u>							
Indikatorparameter	2003	2002	2001	2000	1999	1998	1997
pH	6,78	6,72	6,61	6,56	6,64	6,70	6,55
Leiingsevne	256	268	240	277	382	416	229

Resultatrekneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	Resultat 2003	Budsjett 2003	Resultat 2002
Driftsinntekter				
Driftsinntekter	13	58 248 231	53 651 237	58 922 267
Sum driftsinntekter		58 248 231	53 651 237	58 922 267
Driftskostnader				
Bruk av tenester (transport)		21 458 478	20 411 494	20 083 288
Løn og sosiale kostnader	9	6 966 430	6 938 382	6 511 498
Andre driftskostnader	13	22 983 697	19 857 136	21 636 849
Ordinære avskrivningar	2	6 330 361	6 917 455	6 839 054
Tap på krav		30 472		55 760
Sum driftskostnader		57 769 437	54 124 467	55 126 449
Driftsresultat		478 793	-473 230	3 795 818
Renteinntekter		1 208 923		897 836
Anna finansinntekt		3 820		2 536
Verdialike markedsbaserte omlaupsmidlar	7	4 940 640	2 700 000	1 862 065
Renteutgifter		4 243	20 700	5 676
Anna finanskostnad				9 692
Netto finanspostar		6 149 140	2 679 300	2 747 069
Resultat før ekstraordinære postar		6 627 933	2 206 070	6 542 887
Ordinært resultat		6 627 933	2 206 070	6 542 887
Årsresultat		6 627 933	2 206 070	6 542 887
Disponering av årsresultat				
Til etterdriftsfond	8	642 674		696 175
Til anna eigenkapital	8	5 985 259	2 206 070	5 846 712
Disponert årsresultat		6 627 933	2 206 070	6 542 887

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2003	2002
EIGNELUTAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Varige driftsmidlar			
Tomter	2	201 647	201 647
Maskinar og anlegg	2	30 826 228	35 987 886
Inventar og utstyr	2	215 898	241 858
Sum varige driftsmidlar		31 243 773	36 431 390
Finansielle anleggsmidlar			
Aksjer i datterselskap	3	2 200 000	2 200 000
Andre aksjar	4	897 000	33 000
Forskottering vegar	5	26 800 000	33 869 472
Sum finansielle anleggsmidlar		29 897 000	36 102 472
SUM ANLEGGSMIDLAR		61 140 773	72 533 863
OMLAUPSMIDLAR			
Krav			
Kundekrav	6	4 623 527	4 980 463
Krav på konsernselskap	6	2 747 985	3 934 330
Andre kortsiktige krav	6	133 936	18 887
Sum krav		7 505 448	8 933 681
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	7	6 522 392	2 694 498
Marknadsbaserte obligasjonar	7	54 232 316	53 119 570
Sum investeringar		60 754 708	55 814 068
Kontantar, bank		21 334 440	7 851 123
SUM OMLAUPSMIDLAR		89 594 596	72 598 872
SUM EIGNELUTAR		150 735 369	145 132 734

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2003	2002
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	8	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Etterdriftsfond	8	1 338 849	696 175
Anna eigenkapital	8	142 841 869	136 856 610
Sum opptent eigenkapital		144 180 718	137 552 785
SUM EIGENKAPITAL		144 353 748	137 725 815
GJELD			
Langsiktig gjeld			
Netto pensjonsskylnad	9	278 291	203 840
Sum langsiktig gjeld		278 291	203 840
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	2 640 463	1 813 728
Skuldig til konsernselskap	6	1 479 922	1 835 941
Skuldige offentlige avgifter	12	1 163 876	2 926 471
Anna kortsiktig gjeld		819 069	626 940
Sum kortsiktig gjeld		6 103 330	7 203 080
SUM GJELD		6 381 621	7 406 920
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		150 735 369	145 132 734

Kontantstraumoppstilling

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2003	2002
Operasjonell aktivitet			
Resultat før skattekostnad		6 627 933	6 542 887
Ordinære avskrivninger	2	6 330 361	6 839 054
Endring av netto pensjonsskyldnad		74 451	-175 307
Endring kundekrav og leverandørgjeld		2 013 997	-3 370 154
Endring i andre tidsavgrensingpostar		-1 685 515	2 304 780
Netto straum frå operasjonell aktivitet		13 361 227	12 141 260
Investeringsaktivitet			
Utbetalning ved kjøp av driftsmidlar	2	-1 142 744	-3 623 978
Endring i andre investeringar	4,5	6 205 472	-12 000 000
Auke i verdi på aksjar og obligasjoner	7	-4 940 640	-1 862 065
Netto straum frå investeringsaktivitet		122 088	-17 486 043
Netto endring i kontantar og bank		13 483 315	-5 344 783
Beholdning av kontanter og bank 1.1.		7 851 123	13 195 906
Beholdning kontanter og bank 31.12.		21 334 440	7 851 123

Fitjar, 11. mars 2003


Magnus Skåden
Sveio, leiar



Olav P. Årland
Austevoll, nestleiar



Magne Rolfsnes
Bømlo


Bjørn Haaland
Fitjar


Hans H. Berge
Kvinnherad


Else Berit Helle
Stord


Asle Bernt Rekve
Tysnes


Terje Gilje
Dagleg leiar SIM

Konsernrekneskap

SIM konsern

	Note	Resultat 2003	Resultat 2002
Driftsinntekter			
Driftsinntekter	13	91 059 690	104 371 336
Sum driftsinntekter		91 059 690	104 371 336
Driftskostnader			
Bruk av tenester (transport)		11 488 510	12 343 271
Løn og sosiale kostnader	9	31 359 934	29 997 104
Andre driftskostnader	13	37 552 430	43 739 161
Ordinære avskrivinger	2	11 997 630	12 428 095
Tap på krav		30 472	55 760
Sum driftskostnader		92 428 975	98 563 391
Driftsresultat		-1 369 286	5 807 945
Renteinntekter		1 352 446	1 038 363
Anna finansinntekt		3 820	2 536
Verdiauke markedsbaserte omlaupsmidlar	7	4 940 640	1 862 065
Renteutgifter		1 489 987	2 302 824
Annan finanskostnad		35 565	46 819
Netto finanspostar		4 771 354	553 321
Resultat før skatt og e.o. postar		3 402 068	6 361 266
Betalbar skatt	10	448 056	445 536
Endring i utsett skatt	10	-1 216 126	-416 159
Netto skattekostnad		-768 070	29 377
Ordinært resultat		4 170 138	6 331 889
Årsresultat		4 170 138	6 331 889
Disponering av årsresultat			
Til etterdriftsfond	8	642 674	696 175
Til anna eigenkapital	8	3 527 464	5 635 714
Disponert årsresultat		4 170 138	6 331 889

Konsernbalanse

SIM konsern

	Note	2003	2002
EIGNELUTAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Immaterielle egedeler			
Goodwill	2	1 755 151	2 340 210
Utsett skattefordel		170 000	0
Sum immatrielle egedeler		1 925 151	2 340 210
Varige driftsmidler			
Tomter og bygg	2	8 115 743	8 158 667
Maskinar og anlegg	2	35 334 496	40 938 880
Bilar	2	11 879 378	15 249 107
Inventar og utstyr	2	2 722 364	2 348 122
Sum varige driftsmidler		58 051 981	66 694 776
Finansielle anleggsmidler			
Andre aksjar	4	1 067 000	203 000
Pensjonsmidlar	9	320 683	0
Forskottering vegr	5	26 800 000	33 869 472
Sum finansielle anleggsmidler		28 187 683	34 072 472
SUM ANLEGGSMIDLAR		88 164 815	103 107 458
OMLAUPSMIDLAR			
Krav			
Kundekrav	6	10 057 446	14 449 268
Andre kortsiktige krav	6	356 171	485 312
Sum krav		10 413 617	14 934 580
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	7	6 522 392	2 694 498
Marknadsbaserte obligasjonar	7	54 232 316	53 119 570
Sum investeringar		60 754 708	55 814 068
Kontantar, bank		23 504 358	10 790 167
SUM OMLAUPSMIDLAR		94 672 683	81 538 815
SUM EIGNELUTAR		182 837 500	184 646 273

Konsernbalanse

SIM konsern

	Note	2003	2002
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	8	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Etterdriftsfond	8	1 338 849	696 175
Anna eigenkapital	8	142 348 341	138 820 877
Sum opptent eigenkapital		143 687 190	139 517 052
SUM EIGENKAPITAL		143 860 220	139 690 082
GJELD			
Langsiktig gjeld			
Netto pensjonsskylnad	9	278 291	203 840
Utsett skatt	10	916 204	1 516 794
Langsiktige lån	11	24 105 121	26 923 655
Sum langсiktig gjeld		25 299 616	28 644 289
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	6 112 507	6 549 714
Betalbar skatt	10	448 056	445 536
Skuldige offentlige avgifter	12	4 546 025	6 331 291
Anna kortsiktig gjeld		2 571 076	2 985 361
Sum kortsiktig gjeld		13 677 664	16 311 902
SUM GJELD		38 977 280	44 956 191
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		182 837 500	184 646 273

Konsernstraumoppstilling

SIM konsern

	Note	2003	2002
Operasjonell aktivitet			
Resultat før skattekostnad		3 402 068	6 361 266
Betalt skatt i perioden		0	-528 472
Tap - sal av driftsmidler		88 388	394 508
Ordinære avskrivinger	2	11 997 630	12 428 125
Endring av netto pensjonsskyldnad		-246 232	-175 307
Endring kundekrav og leverandørgjeld		2 668 978	-409 244
Endring i andre tidsavgrensningpostar		-1 247 151	1 039 376
Netto straum frå operasjonell aktivitet		16 663 681	19 110 252
Investeringsaktivitet			
Innbetaling - sal av driftsmidler		949 170	67 000
Utbetaling ved kjøp av driftsmidler	2	-3 696 682	-11 089 787
Endring i verdi på aksjar og obligasjoner	7	-4 940 640	-1 862 065
Endring i andre investeringar	4,5	6 205 472	-12 000 000
Netto straum frå investeringsaktivitet		-1 482 680	-24 884 852
Finansaktivitet			
Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld		2 468 605	3 046 484
Utbetaling ved betaling av langsiktig gjeld		-5 287 319	-1 888 938
Innbetaling ved bruk av kassekreditt		351 712	493 070
Netto straum frå finansaktivitet		-2 467 002	1 650 616
Netto endring i kontantar og bank		12 713 998	-4 123 983
Kontantar og bank 1.1.		10 790 167	14 914 150
Kontantar og bank 31.12.		23 504 358	10 790 167

Fitjar, 11. mars 2003


Magnus Skåden
Sveio, leiar



Olav P. Årland
Austevoll, nestleiar



Magne Rolfsnes
Bømlo


Bjørn Haaland
Fitjar


Hans H. Berge
Kvinnherad


Else Berit Helle
Stord


Asle Bernt Rekve
Tysnes


Terje Gilje
Dagleg leiar SIM



Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp etter rekneskapslova av 1998 og tilrådingar til god rekneskapsskikk. Eignelutar til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Omlaupsmidlar vert vurderte til lavaste verdi av skaffekostnad og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar og avskrivingsprinsipp

Anleggsmidlar er ført opp med historisk skaffekostnad, tilgang i år, avgang i år og avskrivinger i år og frå tidlegare år. Anleggsmidlar vert ført til verkeleg verdi når fall i verdiane er venta å ikkje vera forbiggåande. Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa levetid (lineær avskriving).

Finansielle anleggsmidlar

Aksjar i datterselskap og andre aksjar er ført opp med skaffekostnad i selskapsrekneskapet. Aksjar i datterselskap er ført etter eigenkapital-metoden i konsernrekneskapen med avskriving av goodwill og meirverdar.

Forskottering av veg er ført opp med skaffekostnad.

Utrekning av nåverdi sjå note 5.

Kundekrav, konsernkrav og andre kortsiktige krav

Kortsiktige krav er ført opp i balansen til pålydande verdiar med frådrag for påreksa tap. Andre kortsiktige krav som forfall innan eit år er klassifiserte som omlaupsmidlar.

Marknadsbaserte aksjar og obligasjoner

Marknadsbaserte aksjar og obligasjoner er vurderte til verkeleg verdi (marknadsverdi).

Kontantar og bank

Kontantar og bank er ført opp til pålydande verdiar.

Pensjonsskyldnad og periodens pensjonskostnad

Pensjonsansvaret til mor i høve til den ordinære tariffesta teneste-pensjonsordninga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei avgrensa yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og stettar kriteria for det som vert kalla ytatingsplanar. I samsvar med god rekneskapsskikk er berekna pensjonskostnad ført i resultat og netto pensjonsskyldnad ført som langsiktig gjeld både i selskaps- og konsernrekneskap.

Selskapet si pensjonsordning femnar om i alt 14 personar. Ordningane gjev rett til framtidige ytингar. Desse er i hovudsak avhengige av tal opningsår, løn ved pensjonsalder og storleiken på ytингar frå folketrygda. Den kollektive pensjonsavtalen er finansiert ved fondsoppbygging organisert i eit forsikringsselskap.

Langsiktig og kortsiktig gjeld

Langsiktig gjeld vert ført til skaffekostnad ved låneopptak.

Kortsiktig gjeld vert ført til lavaste verdi av skaffekostnad og verkeleg verdi.

Konsernet

Konsernrekneskapen femnar om mor-, dotter- og dotterdatterselskapa Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, SIM Næring AS og SIM Transport AS. Både mor og dotter eig 100 % i dotter. Konsernrekneskapen viser konsernet sitt resultat og balanse som ei økonomisk eining i tråd med god rekneskapsskikk.

Merverdar ved kjøp av SIM Transport AS er tilordna identifiserbare eignelutar og gjeld og ført i balansen i konsernrekneskapen sjá opplysninga i note 3.

Note 2 Varige driftsmidler og immaterielle eignelutar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Goodwill	Tomt & bygg	Mask & anlegg	Bilar	Inv & utstyr	Sum 2003	Sum 2002
Skaffekostnad 01.01	0	201 647	95 726 821	0	1 738 519	97 666 987	99 326 077
Tilgang driftsmidlar	0	0	960 658	0	182 086	1 142 744	3 623 978
Avgang	0	0	0	0	0	0	0
Skaffekostnad 31.12	0	201 647	96 687 479	0	1 920 605	98 809 731	102 950 055
Avskriving og nedskr. 01.01	0	0	59 738 937	0	1 496 660	61 235 597	59 679 610
Årets avskr. 31.12	0	0	6 122 314	0	208 047	6 330 361	6 839 055
Akkumulerte nedskr. 31.12	0	0	0	0	0	0	0
Akkumulerte rev nedskr. 31.12	0	0	0	0	0	0	0
Bokført verdi 31.12	0	201 647	30 826 228	0	215 898	31 243 773	36 431 390
% sats avskriving			5 - 20 %		12,5 - 33 %		

Konsern

	Goodwill	Tomt & bygg	Mask & anlegg	Bilar	Inv & utstyr	Sum 2003	Sum 2002
Skaffekostnad 01.01	2 925 265	8 504 355	101 319 324	31 667 184	7 188 966	151 605 094	147 175 052
Tilgang driftsmidlar			1 063 130	1 314 184	1 319 368	3 696 682	11 089 787
Avgong			0	-4 171 403		-4 171 403	-1 376 677
Skaffekostnad 31.12	2 925 265	8 504 355	102 382 454	28 809 965	8 508 334	151 130 373	156 888 162
Avskriving og nedskr. 01.01	585 055	345 748	60 380 446	15 253 349	4 840 374	81 404 972	75 425 080
Årets avskr. 31.12	585 059	42 864	6 667 512	3 756 597	945 596	11 997 630	12 428 096
Avgong				-2 079 359		-2 079 359	
Akkumulerte nedskr. 31.12						0	
Bokført verdi 31.12	1 755 151	8 115 743	35 334 496	11 879 378	2 722 364	59 807 132	69 034 986
% sats avskriving	20 %	0 - 5 %	5 - 20 %	10 - 20 %	12,5 - 33 %		

Investering, budsjett og sal 1999 - 2003

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	1999		2000		2001		2002		2003	
	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Budsjett
Bygg	68									1 000
Sortering/slutthansam										250
Fyllplass	1 329		1 265		206				115	
Veg industriomr										
Komposthall	4 087		1 319		357		611		242	1 000
Miljøsentralar	14 237		3 468		404		1 515			150
Konteinarar	2 173		227		116		970			300
Avfallsbeholdalar	734		274		99		382		338	250
Hyttetun	593		262		95					100
Maskinar	172		1 990		1 044				266	1 100
Inventar							23		52	100
Kontormaskinar	143		386		173		123		130	250
Totalt	23 536		9 192		1 044		1 449		3 624	1 143
										4 500

Alle investeringar er finansiert ved bruk av eigenkapital i selskapet.

Konsern

	1999		2000		2001		2002		2003	
	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Sal	Invest	Sal
Goodwill					2 375		550			
Bygg	68				727					
Fyllplass	1 329		1 265		206				115	
Komposthall	4 087		1 319		357		611		242	
Miljøsentralar	14 237		3 468		404		1 515			
Anlegg bakkerigg					4 340		225			102
Konteinarar	2 173		828		1 469		970			
Avfallsbeholdalar	734		274		99		382		338	
Hyttetun	593		262		95					
Bilar			920		1 206		250	6 046	1 377	1 314
Maskinar	172		2 165		1 044					266
Inventar	41		212		1 253			668		1 189
Kontormaskinar	143		386		173			123		130
Totalt	23 577		11 100		1 044		12 704	250	11 090	1 377
									3 697	4 171

Note 3 Aksjar i dotterselskap

Datterselskapet SIM Næring AS er i mor ført til skaffekostnad.

Konsern

Selskap	SIM Næring AS	SIM Transport AS	Konsern rekneskapen
<i>Formelle opplysninger</i>			
Skaffelsetidspunkt	26.05.97	01.08.01	
Hovudkontor	Eldøyane	Eldøyane	
Eigerandel	100 %	100 %	
Andel stemmar	100 %	100 %	
<i>Opplysninger - skaffetidspunkt</i>			
Skaffekostnad	2 200 000	6 750 000	
Eigenkapital på skaffetidspunkt		3 111 578	
Goodwill		2 375 265	
Meirverdar (tomter utgjer 727 385)		1 754 385	
Latent skatt		491 228	
<i>Opplysninger til tal for 2003</i>			
Inngående balanse 01.01.	6 047 073	1 851 715	1 964 267
Ikkje avskreve meirverdi	1 343 585		
Ikkje avskreve goodwill	1 425 155		
+/- Del av årets resultat	-1 629 820	-205 032	-1 834 852
- Avskrevne meirverdar			-205 400
-Avskreven goodwill			-475 055
+ Reduksjon skattefordel			57 512
Utgående balanse 31.12.	4 417 253	1 646 683	-493 528

SIM Transport AS er 100 % eigm av SIM Næring AS.

SIM Næring AS er ført etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen.

Note 4 Andre aksjar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Skaffekost	Marknadsverdi	31.12.03
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
SLAB AS (100 aksjar på kr 1000)	100 000	100 000	100 000
SØRVEST VARME AS (764 a 1000)	764 000	764 000	764 000
REKOM (66 aksjar pålydande kr 500)	33 000	33 000	33 000
	897 000	897 000	897 000
Konsern			
	Skaffekost	Marknadsverdi	31.12.03
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
Aksjar i SLAB AS	100 000	100 000	100 000
Aksjar i SØRVEST VARME AS	764 000	764 000	764 000
Aksjar i REKOM	33 000	33 000	33 000
Aksjar i RETURA AS (10,7 %)	170 000	170 000	170 000
	1 067 000	1 067 000	1 067 000

Note 5 Forskottering av vegar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	31.12.02	Rørsle	31.12.03
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
Forskotting veg Fitjar	16 800 000	0	16 800 000
Forskotting veg Kvinnherad	2 069 472	2 069 472	0
Forskott RV 545 Dyvik-Utslettevegen	15 000 000	5 000 000	10 000 000
Sum finansielle anleggsmidlar	33 869 472	7 069 472	26 800 000

- Forskotting av veg i Fitjar på 16,8 mill. kroner er ikkje renteberande etter avtalen. Den ligg an til å bli nedbeta i 2010/2011 etter framlegg til vedtak av nasjonal transportplan til Stortinget.
- Med ei diskonteringsrente på 5 % ville forskottering av vegen i Fitjar vore verdsett til 11,4 millionar.
- Forskottering av rv 545 Dyvik - Utslettevegen på tilsaman kr 10 000 000 skal betalast tilbake i 2004 og 2005. Fitjar kommune og Stord kommune skal etter avtal betala rente (snitt 6 mnd nibor) til SIM for 60 % av forskotteringa.

Note 6

Mellomverande med konsernselskap Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Kundekrav	
	31.12.2003	31.12.2002
Krav	4 673 527	5 008 244
Konsernkrav	2 747 985	3 956 549
Avsett for tap	-50 000	-50 000
Sum	7 371 512	8 914 793

	Andre fordringar	
	31.12.2003	31.12.2002
Krav	133 936	18 887
Sum	133 936	18 887

	Leverandørjeld	
	31.12.2003	31.12.2002
Gjeld	2 640 463	1 813 728
Konsnergjeld	1 479 922	1 835 941
Sum	4 120 385	3 649 669

	Kundekrav og fordringar	
	31.12.2003	31.12.2002
Pålydande	10 658 361	15 179 324
Avsett for tap	-244 744	-244 744
10 413 617	14 934 580	

	Leverandørjeld	
	31.12.2003	31.12.2002
Pålydande	6 112 507	6 549 714
6 112 507	6 549 714	

Konsernmellomverende med døtrene er eliminerte i konsernrekneskapen.

Note 7

Marknadsbaserte omlaupsmidlar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Omlaupsmidlar:	31.12.2003	31.12.2002	Rørsle i 2003	Skaffekost
Aksjefond	6 522 392	2 694 498	3 827 894	5 200 000
Rentefond	54 232 316	53 119 570	1 112 746	47 540 000

60 754 708 55 814 068

4 940 640 52 740 000

Selskapet sitt finansreglement legg opp til ei finansforvaltning med låg finansiell risiko. Avkastningskrav er moderat og avkastninga for 2003 utgjer 8,85 %. Andelar i aksje-, obligasjons- og pengemarknadsfond er ført til verkeleg verdi.

Note 8

Innskoten og optent eigenkapital

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Innskoten eigenkapital

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketaket per 1.1.89. Den fordeler seg slik:

Austevoll kommune	14 850
Børmlø kommune	32 092
Fitjar kommune	10 260
Kvinnherad kommune	43 000
Stord kommune	48 014
Sveio kommune	15 180
Tysnes kommune	9 634
Totalt	173 030

Note 10 Skattekostnad

Konsern

	31.12.03	31.12.02
Grunnlag utsett skattefordel	607 307	
Grunnlag utsett skatt	1 928 597	3 868 136
Grunnlag utsett skatt meirverdiar	1 343 587	1 548 985
 Utsett skattefordel 28 %	 170 000	
Utsett skatt 28 %	540 000	1 083 078
Utsett skatt meirverdi 28 %	376 204	433 716
Sum usett skatteforpliktelse	916 204	1 516 794
 SIM Nærings AS	 SIM Transport AS	 31.12.03 31.12.02
Berekna betalbar skatt	409 136	38 920
Endring utsett skatt	-1 041 154	-117 460
Endring utsett skatt av meirverdiar	-57 512	-57 512
Endring avsetjing tidlegare år	0	0
Samla skattekostnad	-632 018	-136 052
		-768 070
		29 377

Note 11

Gjeld, pantstillingar og garantiansvar

Konsern

	31.12.03	31.12.02
<i>Gjeld til kredittinstitusjonar:</i>		
Pantelån	13 462 052	13 461 957
Gjeld til kredittinstitusjonar	10 243 069	12 961 698
Øvrig langsiktig gjeld	400 000	500 000
	24 105 121	26 923 655
<i>Skuld sikra ved pant:</i>		
Gjeld til kredittinstitusjonar	23 705 121	26 423 655
Kassekreditt	844 782	493 070
	24 549 903	26 916 725
<i>Bokført verdi eignelutar - tryggleik for pant:</i>		
Kundar	4 248 154	4 409 111
Varige driftsmidlar	25 464 623	28 634 399
Aksjar i SIM Transport AS	6 750 000	6 750 000
	36 462 777	39 793 510

Note 12

Bankinnskot for skuldig forskotstrekk

Av totale bankinnskot er kr 255 000 bunden til skuldig forskotstrekk i mor og kr 1 319 000 for konsernet.

Note 13 Andre driftskostnader

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Det er for reknekapsåret 2003 endra prinsipp frå netto føring til brutto føring av deponiavgift.

Prinsippendringa gjeld driftsinntekter og andre driftskostnader. Samalikningstala for forrige år er endra og endringa utgjer ei auke på kr 8 910 796 for 2002.

Stortinget vedtok differensierde satsar på deponiavgift frå 1.7.2003. Då fylkesmannen ikkje har handsoma vår søknad om å få godkjent botntetting er om lag kr 1 268 000 fort som kostnad i årets rekneskap. Godkjenning utan pålegg om utbetring av deponi kan føre til refusjon av for mykle betalt sluthandsamingsavgift og meirverdiavgift i neste rekneskapsperiode.

Av andre driftskostnader hos mor på kr 22 984 000 utgjer kr 9 669 000 kostnader knytta til deponiavgift, kr 2 243 000 knytta til handsaming av kvitevarer og spesialavfall, kr 4 673 000 knytta til drift og vedlikehald av anlegg og maskinar og kr 3 255 000 knytta til konsulenter og innleidd hjelpe for 2003.

Konsern

Sim Nærings AS betalar mor leige for investeringar i anlegg og utstyr på Eldøyane. Kostnadane utgjer kr 384 000 for 2003 og er eliminert i konsernrekneskaperen.

KOMMUNEREVISJONEN FOR SUNNHORDLAND

Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord

Til

Representantskapet i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

REVISJONSMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS for rekneskapsåret 2003, som syner eit årsoverskot på kr 6 627 933 for morselskapet og eit årsoverskot på kr 4 170 138 for konsernet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, opplysningar i notar og konsernrekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre høve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formuen og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Stord, 11. mars 2004.


Jon Oppedal
Revisjonssjef



Våren 2003 oppstod det brann i deponiet i Svartasmøget.
Bilda vart teke under brannsløkkinga som pågjekk i over to veker.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmøget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as